

Saksbehandlar: Rolf Årdal, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 19/2131-7

## **Campus Førde verftet AS – vedtekter, eigarrepresentant og styremedlemmer**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Forslag til vedtekter for Campus Førde verftet AS vert godkjende.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre selskapsetableringa, dvs. godkjenne aksjekjøpsavtale og aksjonæravtale frå fylkeskommunen si side, og utbetale påtenkt løyving etter søknad frå selskapet.
3. Fylkesrådmannen representerer selskapet på generalforsamlinga.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sine to tilrådde styrerepresentantar vert:

Medlem: .....

Varamedlem: .....

Medlem: .....

Varamedlem: .....

### **Vedlegg:**

Vedtekter Energilab Sogn og Fjordane AS.

### **Andre relevante dokument i saka:**

FT-sak 14/2019 Etablering av Campus Førde verftet AS.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I sak 14/2019 vedtok fylkestinget å løyve 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til Campus Førde verftet AS. Som ledd i omstruktureringa fekk fylkesutvalet fullmakt til å godkjenne vedtektene for selskapet, velje eigarrepresentant og nominere eventuelle styremedlemer.

I sak 14/2019 fekk fylkesrådmannen fullmakt til å underteikne samarbeidsavtalen under føresetnad av at denne vart godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Det er etter dette gjort nokre mindre endringar i vedlegget til avtale – kalla samarbeidsdokumentet – men desse er utan vesentleg betydning. Samarbeidsavtalen skal slutthandsamast i HVL-styret 20. juni 2019.

### **2. Vedtekter Campus Førde verftet AS**

Forslag til vedtekter tek utgangspunkt i vedtektene for Energilab Sogn og Fjordane AS, men er tilpassa formålet som er nedfelt i samarbeidsavtalen mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedtektene føreset godkjenning av Høgskulen på Vestlandet og Førde kommune.

#### **Vedtekter:**

- § 1 Selskapet sitt namn er Campus Førde verftet AS.
- § 2 Selskapet skal ha forretningskontor i Førde i Førde kommune, frå 1. januar 2020 Sunnfjord kommune.
- § 3 Selskapet skal vere eit utdannings-, forskings- og innovasjonssenter for offentlege og private verksemder. Det overordna målet er å bidra til å styrke utdanningsinstitusjonane med omsyn til rekruttering, forskning og innovasjon i privat og offentlig sektor. Selskapet skal og legge til rette for auka samarbeid mellom privat næringsliv, utdanningsinstitusjonane og anna offentlig verksemd.
- Selskapet skal ikkje ha til formål å gje økonomisk utbytte til eigarane, og selskapet sine midlar skal berre nyttast i selskapet si verksemd og for vidareutvikling av verksemda. Det vert ikkje utbetalt utbytte til aksjonærar.
- Ved avvikling av selskapet skal eigardelane i selskapet stillast til disposisjon for utdannings- og opplæringsformål i regionen. Avviklingsstyret avgjer kva føremål eigardelane kan nyttast til, i tråd med vedtektene.
- § 4 Aksjekapitalen er NOK 100 000 fordelt på 1 000 aksjar, kvar pålydande NOK 100.
- § 5 Styret skal bestå av 5-7 medlemmer. Høgskulen på Vestlandet oppnemner inntil tre medlemmer med varamedlemmer, Sogn og Fjordane fylkeskommune oppnemner inntil tre styremedlemmer med varamedlemmer, Førde kommune oppnemner eitt medlem med varamedlem.
- § 6 Det vert elles vist til gjeldande aksjelovgjeving.

### **3. Utsending til generalforsamling og oppnemning av styremedlemmer**

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til FU når eigarposten er minst kr 100 000 og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigarposten er under kr 100 000 , jf. delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1.

I samsvar med dette vert det tilrådd at fylkesrådmannen representerer fylkeskommunen på generalforsamlinga. I oppfølginga av dette vil det bli vurdert om fullmakta skal delegerast.

I samarbeidsavtalen er det avtalt at i startfasen vert det oppnemnt 5 styremedlemmer; 2 av HVL, 2 av SFFK og 1 av Førde kommune. Styret vert (første året) valt for eitt år.

I første fase vil Campus Førde verftet AS ha behov for eit styre med administrativ kapasitet til arbeidet med å strukturere selskapet som t.d. etablering av leigeavtalar, gjennomføre investeringar, budsjettering, etablere administrative rutinar etc. Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet ta omsyn til dette når ein tilrår styremedlemer.